

Etiske retningslinjer for Noonanforeningen.

Noonanforeningen er ein landsomfattande og uavhengig interesseorganisasjon for personar som har eit RAS-relatert syndrom (Noonan, CFC, Costello og Leopard) og nære pårørande.

Noonanforeningen er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig.

Noonanforeningen sine verdier er:

- Inkludering
- Respekt
- Samhold
- Nettverk

- Noonanforeningen sine medlemmar skal føla seg trygge og behandla kvarandre med respekt på alle nivå.

- Medlemmene skal respektere kvarandre sitt personvern, integritet og verdigheit, og ikkje diskriminere eller trakassere nokon på grunnlag av diagnose, alder, kjønn, seksuell orientering, etnisitet, religion eller annan status.

- Medlemmene skal bidra til å skape eit inkluderande og støttande miljø for alle som er berørt av diagnosen inkludert deira familie, og dele erfaringar, kunnskap og informasjon som kan være nyttig for andre.

Målet er å skapa eit motiverande fellesskap.

- Pårørande skal ikkje utlevere diagnosar og andre tilstander hos barn og ungdom utan samtykke frå den det gjeld.

- Ingen skal utføre handlingar som kan sjåast på som mobbing, trakassering, misbruk, maktmisbruk, diskriminering eller utnytting av ein person.

- Ingen skal oppføre seg på ein måte som kan skade Noonanforeningen og medlemmane, eller gjere noko som kan koma i konflikt med foreininga sine interesser. Dette gjeld både på nett og ved personleg kontakt.

- Medlemmene skal opptre ansvarleg og ærleg i sin kommunikasjon med foreininga, andre medlemmer, offentlege myndigheiter og samfunnet for øvrig.

- Medlemmene skal respektere foreininga sine vedtekter, mål og strategiar, og delta aktivt i foreininga sine aktivitetar og beslutningsprosessar i den grad det er mogleg.

- Medlemmene skal følge gjeldande lover og regler som gjelder for foreininga og ikkje misbruke foreininga sine ressursar eller omdømme til egen fordel eller ulempe for andre.

- Det blir oppfordra til ei bevisst haldning til alkoholkonsum, særleg der mindreårige er til stades.

Drikkepress skal ikkje opplevast på Noonanforeningen sine arrangement.

- Styret skal opptre ansvarleg med økonomiske midlar i foreininga.

Medlemslister og anna sensitiv informasjon skal handterast av styret på ein forsvarleg måte og ikkje kome uvedkomande i hende.

Årsmøtet 2024. v.1.

- Medlemmene skal ikkje utnytte sin posisjon i foreninga til eigen vinning, det inkludera også familie og kjente.
- Kritikkverdige forhold skal så langt det lar seg gjera løysast på så lågt nivå som råd er.
- Ved brot på dei etiske retningslinjene kan det føre til sletting frå medlemslista.